
 2020/71425-166
 Marianne Ose Askvik, Britt
Saksnr: Karen Spjeld, Åge Avedal,
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland,
 Eva Kristin Svidal og Eva
 Moberg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020

Ekstraordinære midlar til ordinær kulturaktivitet som er råka av koronarestriksjonar. Fordeling 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 3 100 000 kroner frå «Ekstraordinære midlar til ordinær kulturaktivitet som er råka av koronarestriksjonar» til husleiereduksjon for Grieghallen IKS.

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 14 783 000 kroner frå «Ekstraordinære midlar til ordinær kulturaktivitet som er råka av koronarestriksjonar» til dei tre områda profesjonelt kulturliv, frivillig kulturliv, idrett og friluftsliv slik:

Profesjonelt kulturliv:

	Søklar	Søknadssum	Tilråding
1	3,14	350 000	200 000
2	ALT GÅR BRA	65 000	Avslag
3	Baroniet Rosendal - Rosendal Kammermusikkfestival / Baronikonserterne 2021	875 000	150 000
4	Baroniet Rosendal - Den Weis-Rosenkroneske stiftelse	1 587 931	500 000
5	BERGEN ATELIERGRUPPE	84 000	Avslag
6	BERGEN INTERNASJONALE FILMFESTIVAL / BIFF+	250 000	200 000
7	Bergen internasjonale litteraturfestival for sakprosa og skjønnlitteratur, LitFestBergen	200 000	100 000
8	Bergen Lights	200 000	Avslag
9	BERGEN METAL FEST / Beyond the gates - vinterkonserter	200 000	Avslag
10	Bergen Nasjonale Opera	140 400	140 000
11	Bergen Vitensenter AS (ViIvite)	750 000	Avslag
12	Bergen Kunsthall, Bergens Kunstforening	73 000	70 000
13	Bildende Kunstneres Forening Hordaland	100 000	Avslag
14	BOREALIS	757 560	300 000
15	BRAK	300 000	100 000

16	DET VESTNORSKE TEATERET AS	2 329 000	608 000
17	DLS AS	1 000 000	Avslag
18	FESTSPILLENE I BERGEN	2 000 000	200 000
19	FN-sambandet region sør-vest, kontoret i Bergen	84 000	40 000
20	FORENINGEN MIKROLABS	120 000	Avslag
21	Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	170 000	100 000
22	GILEAD Hopland Aemmer	400 000	Avslag
23	HARDANGER MUSIKKFEST	200 000	100 000
24	HISTORY DISPOSAL UNIT / WRAP	100 300	70 000
25	HORDALAND KUNSTSENTER	140 000	100 000
26	IK RIBER - KULTURFJORDEN	280 000	Avslag
27	JEFF PEDERSEN	80 000	Avslag
28	KODE KUNSTMUSEER OG KOMPONISTHJEM	1 050 000	200 000
29	KRAFT BERGEN	60 000	50 000
30	KRAFTMUSEET - NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM	650 000	325 000
31	KUNSTGARASJEN	286 100	200 000
32	KUNSTNARHUSET MESSEN	20 000	20 000
33	MALAKOFF ROCKFESTIVAL	200 000	100 000
34	MONIKA ENGESETH	60 000	Avslag
35	Moster Amfi - og kyrkjehistoriske senter a/s	1 204 500	400 000
36	NATTJAZZ	3 110 000	300 000
37	NedreNygaard AS, Avdeling Stereo	406 250	Avslag
38	Norsk Forfattersentrum Vestlandet	70 000	50 000
39	NORWAY FRINGE FESTIVAL AS	260 000	160 000
40	Nynorsk kultursentrum avdeling Olav H. Hauge-senteret, Ulvik poesifestival	410 000	100 000
41	OFFERDAL FILM MERETHE OFFERDAL	80 000	Avslag
42	ORKJA PRODUKSJONAR DA	5 000	Avslag
43	OSELVARVERKSTADEN	58 000	30 000
44	PERDURABO PRODUCTIONS AS	268 000	Avslag
45	PERDURABO PRODUCTIONS AS	500 000	Avslag
46	PERFECT SOUNDS FOREVER DA	98 000	30 000
47	Proscen - produsentenhet for scenekunst	40 000	40 000
48	S12 GALLERI OG VERKSTED AS	120 000	30 000
49	Sivert Nikolai Nesbø	50 000	Avslag
50	SMAU MEDIA AS	70 000	Avslag
51	STAD KOMMUNE v/Operahuset Nordfjord	86 000	Avslag
52	Statsraad Lehmkühl / Statsraaden Bar & Reception	640 000	Avslag
53	Stiftelsen Bergen Music Fest (Bergenfest)	400 000	200 000
54	Stiftelsen BIT20Ensemble	250 000	100 000
55	Stiftelsen BIT20Ensemble (og EKKO-festivalen)	180 000	100 000
56	STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	420 000	200 000
57	STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	10 837 000	Avslag
58	STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	4 014 700	Avslag
59	STIFTELSEN FARGESPILL	480 000	200 000
60	Stiftelsen Kulturhuset USF	300 000	150 000
61	STIFTELSEN LITTERATURHUSET I BERGEN	856 830	200 000
62	STIFTELSEN MUSEUM VEST	530 000	300 000
63	STIFTINGA DEN NORSKE BOKBYEN	100 000	50 000
64	STIFTINGA GLOPPEN MUSIKKFEST	150 000	50 000

65	STIFTINGA GLOPPEN MUSIKKFEST	150 000	80 000
66	STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	1 500 000	500 000
67	Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	970 000	300 000
68	STIFTINGA OPERA NORDFJORD	500 000	200 000
69	Stiftinga Tysnesfest	500 000	Avslag
70	SUNNFJORD KOMMUNE / Rom for ord - litterære møtestader i distrikta	400 000	200 000
71	SUNNFJORD MUSIKKFEST	150 000	Avslag
72	SUNNHORDLAND MUSEUM	152 000	100 000
73	SVEIO KOMMUNE / Fartein Valen-festivalens satelittkonsertar	47 000	40 000
74	TEATER VESTLAND AS	620 000	250 000
75	TEATERDRIFT BERGEN AS / Frontlosjefestivalen	325 000	150 000
76	TEATERFESTIVALEN I FJALER	66 601	Avslag
77	TEKSTALLIANSE	100 000	50 000
78	THE VIC AS / Victoria Cafe & Pub	200 000	Avslag
79	ULLENSVANG KOMMUNE (Litteratursymposiet i Odda)	200 000	150 000
80	UrbanZoo As	400 000	Avslag
81	VERS LIBRE AS	30 000	Avslag
82	VILL VILL VEST	300 000	100 000
83	Vossa Jazz	150 000	100 000
	SUM søknadar frå profesjonelt kulturliv	47 917 172	8 783 000

Frivillig kulturliv:

	Søklar	Søknadssum	Tilråding
1	AKKS BERGEN / Eggstockfestivalen	40 000	Avslag
2	AKKS BERGEN	70 000	60 000
3	AKKS BERGEN / UFLAKKS	22 000	20 000
4	Amatørkulturrådet Askøy	100 000	Avslag
5	Amatørkulturrådet Askøy	400 000	Avslag
6	Askøy Brass Band	20 000	Avslag
7	Askøy Husflidslag	118 000	Avslag
8	Austrheim Seniorkor	19 000	Avslag
9	Bergen digitalfestival	59 943	Avslag
10	Bjergvin Bluesklubb	110 000	Avslag
11	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM-SPEIDERE	20 000	20 000
12	BLAKSET BYGDELAG	27 307	Avslag
13	BØMLO GOSPEL	100 000	Avslag
14	Bømlo husflidslag	23 500	Avslag
15	BØMLO JANITSJAR	10 000	Avslag
16	Bømlo Teater	102 000	50 000
17	COLLEGIUM VOCALE GUTTER	36 320	Avslag
18	COLLEGIUM VOCALE GUTTER	29 050	Avslag
19	Elvis Festivalen Måløy	94 000	Avslag

2 0	Etne Husflidslag	25 000	Avslag
2 1	Fana Husflidslag	174 000	Avslag
2 2	Fjæra Bluesklubb	75 000	Avslag
2 3	FORENINGEN EIDSVÅG KULTURHUS	193 000	Avslag
2 4	Gamle Innvik Ullvarefabrikk	100 000	70 000
2 5	Hardanger spillfestival	30 000	25 000
2 6	HORDALAND HUSFLIDSLAG	93 720	40 000
2 7	Laksevåg Kulturhistoriske Forening	48 000	Avslag
2 8	NORDHORDLAND VETERANBÅTLAG	80 000	70 000
2 9	NORGES KORFORBUND HORDALAND	35 000	30 000
3 0	Norges Korforbund Hordaland	300 000	200 000
3 1	Norges Musikkorps Forbund Hordaland	225 000	200 000
3 2	Norsk Jernbaneklubb avd. Bergen	77 400	50 000
3 3	NORSK SENTER FOR FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS / Bygda dansar Hordaland	150 000	130 000
3 4	Salhushallen SA	50 000	Avslag
3 5	Seniordans Norge, region Sogn og Fjordane	22 350	20 000
3 6	SENIORDANS NORGE-REGION HORDALAND	230 000	100 000
3 7	SILISIUM VOKAL	40 000	Avslag
3 8	SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG	150 000	100 000
3 9	Sotra Musikkråd	120 000	Avslag
4 0	Stallens Visevenner	351 000	Avslag
4 1	Stiftelsen Baadehuset	60 000	40 000
4 2	Stiftelsen D/S Stord 1	252 250	160 000
4 3	Stiftelsen Det Norske Arboret	96 000	40 000
4 4	Stiftelsen Nye Fyllingsdalen Teater - Teaterfestival 2021	370 000	180 000
4 5	Stiftinga Avdal Gard	40 000	Avslag
4 6	Stiftinga Musikkbransjetreffet 100 Dagar	70 000	60 000
4 7	Stiftinga Norsk Countrytreff	250 000	180 000
4 8	STUDENTHUSET MEIERIET / Studentfestivalen VEKAO	559 500	Avslag
4 9	Sunnhordland Amatørkulturråd	350 000	150 000
5 0	VESTLAND MUSIKKRÅD	1 575 000	800 000

5 1	VESTLANDSKE FOLKEKUNSTLAG	71 000	Avslag
5 2	Vestlandske Teatersenter	235 000	200 000
5 3	Vinnesholmen Kystlag	50 000	25 000
5 4	Øygarden Kulturråd	400 000	Avslag
	SUM søknadar frå frivillig kulturliv	8 349 340	3 020 000

Idrett og friluftsliv:

	Søkjjar	Søknadssu m	Tilråding
	VESTLAND IDRETTSKRETS	5 484 310	1 935 000
1	Askøy Håndballklubb	120 000	Søknad blir oversendt Vestland idrettskrets
2	Askøy Sportsklubb	100 000	Søknad blir oversendt Vestland idrettskrets
3	Bergen og Hordaland Turlag	500 000	175 000
4	Bergen og Omland Friluftsråd	1 576 000	550 000
5	Båtlaget Njord/Tysnes	15 000	Avslag
6	FOLLESE FOTBALLKLUBB	64 000	Søknad blir oversendt Vestland idrettskrets
7	Friluftsrådet Vest	200 000	70 000
8	IDRETTLAGET FRØY	30 000	Søknad blir oversendt Vestland idrettskrets
9	IDRETTLAGET SANDVIKENS GUBBELAG	25 000	Søknad blir oversendt Vestland idrettskrets
10	Idrettsrådet i Askøy / Askøy Idrettsråd (heretter kalt; IRA)	300 000	Søknad blir oversendt Vestland idrettskrets
11	Laksevåg turn- og idrettslag v/ turngruppen	27 000	Søknad blir oversendt Vestland idrettskrets
12	Moldegaard ryttersportsklubb	27 000	Søknad blir oversendt Vestland idrettskrets
13	Norges Jeger- og Fiskerforbund - Hordaland	134 140	50 000
14	Odda/Ullensvang Turlag	62 450	Avslag
15	Olympiatoppen Vest	125 000	50 000
16	Os Svømmeklubb	48 850	Søknad blir oversendt Vestland idrettskrets
17	Os Turnforening	136 328	Søknad blir oversendt Vestland idrettskrets
18	Rørsle	321 450	Avslag
19	Rørsle / Base Camo Ålfjorden AS	350 000	Avslag
20	Sogn og Fjordane Turlag	160 000	50 000
21	Stiftinga Ekstreme Voss / Ekstremsportveko	300 000	100 000
22	VIK Badmintonkretsen Vest		Sjå tilråding Vestland idrettskrets
23	VIK Hordaland Friidrettskrets		Sjå tilråding Vestland idrettskrets
24	VIK Hordaland skikrets		Sjå tilråding Vestland idrettskrets
25	VIK NFF Hordaland		Sjå tilråding Vestland idrettskrets
26	VIK NFF Sogn og Fjordane		Sjå tilråding Vestland idrettskrets
27	VIK Norges Basketballforbund Region Vest	108 500	Sjå tilråding Vestland idrettskrets
28	VIK Norges Cykleforbund Region Vest		Sjå tilråding Vestland idrettskrets
29	VIK Norges Håndballforbund Region Vest		Sjå tilråding Vestland idrettskrets
30	VIK Sogn og Fjordane Friidrettskrets		Sjå tilråding Vestland idrettskrets
31	VIK Sogn og Fjordane Skikrins		Sjå tilråding Vestland idrettskrets
32	VIK Sogn og Fjordane Symjokrins		Sjå tilråding Vestland idrettskrets

33	VIK Studentenes undervannsklubb Bergen - Bergenstudentenes allianseidrettslag		Sjå tilråding Vestland idrettskrets
34	VIK Vestland bedriftsidrettskrets		Sjå tilråding Vestland idrettskrets
35	VIK Vestland Gymnastikk- og turnkrets		Sjå tilråding Vestland idrettskrets
36	VIK Volleyball med konkurransesonene Hordaland og Sogn og Fjordane		Sjå tilråding Vestland idrettskrets
37	VIKING TURN OG IDRETTSFORENING / Bergen City Maraton	376 850	Søknad blir oversendt Vestland idrettskrets
38	VIKING TURN OG IDRETTSFORENING / Treningssenter	969 310	Søknad blir oversendt Vestland idrettskrets
	SUM	11 561 188	2 980 000

Samandrag

Generelt:	
Budsjett:	17 883 000 kroner
Søknadsfrist:	2.november 2020
Vedtak kriteria og programområde:	Hovedutval for kultur, idrett og integrering. PS 107/2020
Informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

Fordeling 2020:	
Tal på søknadar:	175
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	89
Samla søknadssum:	74 027 700 kroner
Tilrådd fordeling:	17 883 000 kroner

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I fylkestinget 9./10. juni jf PS 35/20 Rekneskap 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune var det avsett 35 766 169 kroner til disposisjonsfond for å avhjelpe konsekvensane av den pågåande pandemien gjennom relevante støtteordningar.

Fylkestinget ga fylkesutvalet fullmakt til å fordele avsetninga frå disposisjonsfond (koronasituasjonen; ekstern støtte) til hovudutvala for Næring og innovasjon jf PS 80/20 og Kultur, idrett og integrering jf PS 49/20. Hovudutvala fekk fullmakt til å fordele midlane vidare. Fylkesutvalet vedtok i sak 135/29 at midlane skulle fordelast likt mellom dei to hovudutvala.

Hovedutval for kultur, idrett og integrering vedtok i møte 16.09.20 retningslinjer for utlysing og tildeling. Dei avsette midlane, 17 883 000 kroner, vart vedteke til å handsamast med innretting mot følgjande felt:

- Profesjonelt kulturliv
- Frivillig kulturliv
- Idrett og friluftsliv

Føremålet med ordninga er å oppretthalde kulturaktivitet i Vestland på tross av dei innskrenkingar som koronapandemien medfører.

Overordna kommentarar til innkomne søknadar

Til saman kom det inn 175 søknadar innan fristen. Grieghallen IKS var ein av søknadane og søknaden gjeld husleiereduksjon til Grieghallen AS.

Grieghallen IKS har følgjande vedteke hovudføremål:

§4 Formål (selskapsavtalen)

Selskapet har ikke et ervervsmessig formål. Formålet er å erverve, eie og leie ut Grieghallen, gnr 164, bnr 926 med festerett, Bergen

Grieghallen IKS har søkt 3 100 000 kroner til denne ordninga med følgjande kommentar til budsjettet:

Grieghallen AS som leier Grieghallen har meddelt i brev av 15.4.2020 at som følge av epidemien er aktiviteten i Grieghallen betydelig redusert og søker av den grunn fritak for husleiebetaling i 2020. (NOK 7 mill)

I grunngevinga av behovet for dei ekstraordinære midlane oppgir Grieghallen IKS følgjande opplysningar:

Grieghallen IKS eies av Vestland fylkeskommune og Bergen kommune med 50% hver. Eierne hefter pro rata for selskapets forpliktelser.

Bergen kommune har bevilget 3,1 MNOK og legger til grunn at Vestland fylkeskommune også behandlar søknad om tilskudd til Grieghallen IKS.

Grieghallen IKS vart tildelt 3 170 000 kroner i driftsstøtte for 2020 og har eit totalbudsjett på 17 500 000 kroner. På bakgrunn av at Vestland fylkeskommune som eigar heftar for selskapet sine pliktar, tilrår fylkesdirektør at Grieghallen IKS vert tildelt heile søknadssum på 3 100 000 kroner.

Fordeling :	17 883 000 kroner
Søknadssum fra Grieghallen	3100000 kroner
Samla fordeling til 174 søknadar	14 783 000 kroner

Til saman står det 176 søknadar til handsaming med ein total søknadssum på 71 004 200 kroner. Del søknader og søknadssum er fordelt følgjande innan dei 3 felta:

Område	Søknader	Andel	Søknadssum	Andel
Profesjonelt kulturliv	83	47 %	47 917 172	71 %
Frivillig kulturliv	54	31 %	8 349 340	12 %
Idrett og friluftsliv	38	22 %	11 561 188	17 %
SUM	175	100 %	67 827 700	100 %

For å kunne rå til ei meist mogleg rettferdig fordeling til dei tre områda, har fylkesdirektøren valt å la andel søknadar og andel søknadssum telle likt (50/50) i utteljinga. Med 14 783 000 kroner til fordeling vert fordeling med nemnte fordelingsmodell innan områda følgjande:

Til fordeling innan områda	
Profesjonelt kulturliv	8 727 440
Frivillig kulturliv	3 190 672
Idrett og friluftsliv	2 864 888
Sum	14 783 000

På bakgrunn av dette tilrår fylkesdirektøren følgjande fordeling i handsaming av søknadane innan dei tre områda:

Til fordeling innan områda	
Profesjonelt kulturliv	8 783 000
Frivillig kulturliv	3 020 000
Idrett og friluftsliv	2 980 000
Sum	14 783 000

Overordna kommentarar til innstillinga

Kultursatsingane i Vestland fylkeskommune er vedteke gjennom regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025; *PREMISS: KULTUR*, og i regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027; *Kultur for alle*. Desse planane vil gjelde i det geografiske området dei er vedteke i fram til regional plan for kultur i Vestland er vedteken. Vidare vil *PREMISS: KULTUR* og *Kultur for alle* liggje til grunn for fylkeskommunen sine prioriteringar og er saman viktige reiskap i vurderinga av søknadar.

Følgjande punkt er lagt til grunn for vurderinga:

1. Regional kulturverdi
2. Motteke driftsstøtte 2020
3. Verksemda / tiltaket fell ikkje inn under statlege eller andre kompensasjonsordningar
4. Behovet for ekstraordinære midlar for å gjennomføre den aktuelle aktiviteten / tiltaket.
5. Konsekvens av inntektsbortfall

Fylkesdirektør har sett ned ei tverrfagleg gruppe i avdeling for kultur, idrett og inkludering for å førebu saka for politisk handsaming.

Det er fagleg og geografisk breidde i dei tilrådde løyvingane, og fleire sjangrar / felt innan kultur- og idrettslivet er representerte. Alle tilrådde prosjekt har sterk relevans i ordninga og oppfyller viktige kultursatsingar i Vestland fylkeskommune.

Situasjonen kring pandemien er framleis vanskeleg å føresjå, og det vil truleg vere strenge restriksjonar i ei god stund framover. Idretts og kulturlivet er særleg råka av dette. Det er såleis viktig å sjå framover og å sikre kultur- og idrettssektoren mest mogleg føreseielege råmar slik at det er mogleg å oppretthalde aktivitet, på tross av usikre tider og skiftande føringar for smittevern og liknande.

Kulturdepartementet har lansert og delt ut midlar frå ulike tilskotsordningar, det same har enkelte kommunar. Dei ulike tilskotsordningane og tiltakspakkane frå stat og kommune har fungert på ulikt vis og har vore justerte etter kvart for å tilpasse betre dei aktuelle behova.

Denne ordninga har ikkje som hovudhensikt å kompensere for tap som kulturlivet opplever under pandemien, men først og fremst sikre aktivitet og gje høve til langsiktig planlegging. Det er staten som har hovudansvaret for kompensasjon av tap som dei pålagte restriksjonane har ført til og vil føre med seg. Det har likevel vore oppe for å søkje om kompensasjon for tap, og det er tilrådd kompensasjon til søknadar der søkjar ikkje er omfatta av statlege eller andre kompensasjonsordningar.

Ordninga har opna for at regionale paraply- og nettverksorganisasjonar innan frivillig sektor / idrett og friluftsliv kan søkje for å vidareformidle midlar til sine medlemmer. Fleire organisasjonar har sendt inn slike søknader. Tilrådde søknader inneheld både føremål og plan for slik vidareformidling.

Fleire av søknadene omhandlar lokale tiltak, dette gjeld spesielt i områda frivillig kulturliv og idrett og friluftsliv. Som regional utviklar er det viktig å halde på prinsippet om å støtte tiltak og verksemdar som har ei regional rolle / funksjon. Fylkeskommunen skal ikkje overta ansvaret for det som først og fremst er eit lokalt og kommunalt ansvar, og heller ikkje det som er statleg.

Søkjarsiletet i ordninga samansett og søknadane innan dei tre områda skil seg frå kvarandre. Den skjønsmessige vurderinga er difor noko annleis frå område til område. T.d. har alle tilrådde søknadar i området profesjonelt kulturliv motteke driftsstøtte for 2020 og / eller prosjektstøtte. Søknadar som ikkje har motteke driftsstøtte for 2020, og som ikkje har fått prosjektstøtte tidlegare, har ikkje vore mogleg å prioritere i dette området. I frivillig kulturliv og idrett og friluftsliv er søkjarsiletet annleis og det har vore mogleg å prioritere søknadar her som ikkje har driftsstøtte frå 2020 eller motteke prosjektmidlar tidlegare.

Framlegg til vedtak må sjåast i samanheng med fylkesdirektøren sine vurderingar i søknadsoversikta som følgjer som vedlegg til saka. Nummereringa i vedtaket viser til nummereringa i oversikta innan dei tre områda.

Vedtakskompetanse

Hovedutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Midlane er avsett til føremålet i fylkestinget 9./10. juni

Klima: Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, [Kultur for alle](#), og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, [PREMISS: KULTUR](#) set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.